

Søknad

Søknadsnr.	2018-0148	Søknadsår	2018	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2018			
Prosjektnavn	Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2018 - Meland kommune			

Kort beskrivelse

Meland kommune søker om tilskot til utbygging av breiband i åtte område i kommunen. Områda har i dag låg hastigheit på eksisterande internett. Dette gjer det mindre attraktivt å bu og starte bedrifter i områda, og førar til vanskelegheiter for innbyggjarane å delta i det digitale samfunnet.

Prosjektbeskrivelse

Ligg som vedlegg

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Meland kommune Org.nr:951549770	Postboks 79 5906 FREKHAUG	-
Kontakt- person	Berit Eskeland	Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG	45445602
Prosjekt- leder	Berit Eskeland	Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG	45445602

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Meland kommune er ein kommune i svært sterk vekst. Aukande innbyggjartal har ført til auka press på det eldre kobbernettet som er utbygd i store delar av kommunen. Kommunen har difor jamleg fått spørsmål frå innbyggjarar om ytterlegare utbygging av breibandstilbodet i kommunen. Innspel kommunen har fått tyder på at den teoretiske farta dekningskartet viser, i praksis ikkje stemmer med den farta den enkelte kunde får. Dette fører til utfordringar i kvardagen for mange, der f.eks heimekontor for arbeidstakarar og arbeid med lekser på nettet for skuleelevar, er ein utfordring. Stadig utbygging og tilflytting vil gjere situasjonen enda vanskelegare, ettersom kapasiteten på nettet vil bli ytterlegare pressa, samtidig som nye tenester som krever internett vil auke behovet for god nettilgang ytterlegare.

Prosjekt mål

Det er mange område i kommunen som treng betre breibandsdekning. I samband med høyringa fekk kommunen inn innspel på til saman 10 område. Etter innspela vart motteke vart det gjort eit politisk prioritering om å søkje om flest mogleg område, forutsatt at områda kvalifiserte for ordninga.

Følgjande områder er det prioritert å søkje om tilskot til:

1. Landsvik-Skjelanger
2. Ådland
3. Io
4. Håtuft-Espetveit
5. Fosse
6. Eikeland
7. Erstad-Meland-Bjørnstad
8. Dalstø

Mål: Prioriterte områder skal få tilgang til breiband, for alle som ønsker det, med ein hastigheit på minst 30 Mbit/s

Forankring

Forslag til område som det søkjast om tilskot for har vore på høyring i ein måned. Kommunen fekk inn 27 innspel om 10 område i samband med høyringa. Prioritering av områda vart så behandla politisk i Kommunestyret 2. mai 2018.

Prosjektorganisering

Frå kommunen si side er prosjektet leia av Prosjektrådgjevar Berit M Eskeland. Ho jobber til dagleg med ulike utbyggingsprosjekt for kommunen t.d. trafikksikringstiltak og VA-anlegg. Både med prosjektleiing og offentlege anskaffingar. Berit har ein master i geografi, og har tatt aktuelle kurs innan offentlege anskaffingar og prosjektleiing i etterkant av studia. Frå kommunen vil også VA-ingeniør Harry Finseth bidra som prosjektmedarbeidar. Harry har svært god erfaring innan kommunaltekniske anlegg og prosjektleiing.

Samarbeidspartnere

Ikkje aktuelt for prosjektet

Aktivitetar

Den første hovudaktiviteten vert utarbeiding av anbudsgrunnlag. Meland kommune planlegg å gjere dette med eigne personalressursar. Meland kommune fekk tilsagn om tilskot til breibandsutbygging i 2014, og har no erfaring med anbudsprosessen. Etter tildeling av anbudet vil valgt breibandsleverandør gå i gang med nærare detaljprosjektering og sal til abonnentar før sjølve utbygginga startar.

Målgrupper

Utbygging av breiband er retta spesielt mot innbyggjarar, men det ligg også bedrifter i områda som vil ha nytte av betre breibandstilgang. Målgruppene har vore involvert i innspelsrunden, men skal også involverast vidare i prosessen når endelege trasèval må gjerast.

Resultat

Hovedaktivitetene:

Anbud – resultat: kvalifisert leverandør som kan gjennomføre utbygging av breiband.

Utbygging – resultat: Få gjennomført prosjektet etter spesifikasjonen. Alle kunder i området får eit godt breibandstilbod på minst 30 Mbit/s.

Effekter

Effekter resultatene vil gi er at mange fleire innbyggjarar får ein breibandstilgang som gjer det mogleg å ha tilgang til alle moglegheiter som nettet i dag gir. Dei fleste arbeidsplassar er i dag heilt avhengig av god tilgang til internett, det same er hushaldningar. Meland kommune er ein kommune med svært høg pendling hos innbyggjarane. Det er eit mål i kommuneplanen at det skal etablerast fleire arbeidsplassar i innad kommunen. For å gjere det mest mogleg attraktivt for bedrifter å etablere seg i kommunen er det heilt nødvendig med eit godt breibandstilbod. Eit godt breibandstilbod gir moglegheit for videokonferansar, streaming av filmer/tv, bruk av heimekontor, bruk av fleire PC'er, nettbrett osv. på ein gang hos ein kunde. Innspel kommunen har fått tyder på at mange innbyggjarar

har problemer med dette i dag. Miljømessig er det store fordelar med å gjere det mogleg for folk å kunne ha ein arbeidsplass nær der dei bur eller ha moglegheit for heimekontor. Områda som vert søkt om tilskot til har i dag dårleg kollektivsamband med få bussavganger. Dermed er det naudsynt for dei aller fleste å bruke bil til arbeid. Utbygging av breiband vil gje mykje større moglegheiter for bruk av heimekontor, og dermed

kunne gje ein lågare miljøbelastning i kommunen og i nabokommuner der mange har arbeidsplass. I følgje Energi- og klimaplanen til Meland kommune utgjer klimagassutslepp frå vegtrafikk, over halvparten av dei samla klimagassutsleppa i Meland kommune."

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Innkjøpte tenester		20 797 430				20 797 430
Personalkost	100 000	150 000				250 000
Sum kostnad	100 000	20 947 430				21 047 430

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Kommunalt bidrag - graving grøft 2,9 km		1 015 000				1 015 000
Lokal offentlig personinnsats	100 000	150 000				250 000
Lokal privat egeninnsats - tilknytingsavgift		2 008 000				2 008 000
Lokale finansielle midler fra Meland kommune		2 000 000				2 000 000
Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2018		5 734 430				5 734 430
Utbyggeres antatte andel		10 040 000				10 040 000
Sum finansiering	100 000	20 947 430				21 047 430

Geografi

1256-Meland

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Prosjektbeskrivelse Meland kommune - 2018.docx	3 540 090	16.05.2018
Skjema for tilleggsinformasjon - signert.pdf	2 311 828	16.05.2018
Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2018.docx	841 752	16.05.2018
Tids- og milepælsplan.docx	13 982	16.05.2018